

Glas

Ingrid Cecilie Ulla – glaskunst (salsutstilling), Øyvind Driveklepp / Odd Johan Overøye - lydinstallasjon
LØSETSTOVA 29. JULI – 7. AUGUST - OFFISIELL OPNING 29. JULI KL 1800



Årets festivalutstillar i Løsetstova er Ingrid Cecilie Ulla frå Ålesund. Ingrid er utdanna ved Glasskolan Kosta Boda i Sverige. I 2004 etablerte ho Ingrids Glassverksted i Moloveien i Ålesund. Her har ho verkstad og salsutstillingar, og arbeider både som designar og glasblåsar. Produksjonen er variert med brei appell, og Ingrid sine arbeid er i dag å finne ved utsal over heile landet. Her snakkar vi om alt frå vakre gåveartiklar og brukskunst til det meir skulpturelle og moderne.

Av seinare utstillingsadresser kan nemnast Oslo Bymuseum, Galleri Gudem på Tjøme og Kunstnersenteret Møre og Romsdal. For vår del gler vi oss til å oppleve henne i historiske rammer i Løsetstova, som ved dette høve vil blenkje av dekorativt glas frå golv til tak. Som ei forlenging av det visuelle blir dei besøkjande også overriska med lyd, basert på glas. Installasjonen er kreert av lyddesignar Øyvind Driveklepp og huskomponist Odd Johan Overøye.

Velkomen til utstillingsopning med sprudlevatn etter olsokgudtenesta i Rosekyrkja.

Sponsorar 2014:



SPAREBANKEN MØRE



Støtte frå offentlege instansar:



Møre og Romsdal
fylkeskommune



STORDAL KOMMUNE
- der folk trivst



NORSK KULTURRÅD
Arts Council Norway

Vi er og takksame for støtte frå



FORTIDSMINNEFORENINGA
Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring



NTNU
Det skapande universitetet

Kjære publikum!

Velkomen tilbake til ein ny kulturbeitesommar - den sekstande i rekkja - etter eit opphald i året som gjekk. Vi håper du har sakna oss lite grann. Tradisjonen tru kan vi skilte med eit påkosta program i møtepunktet mellom musikk ord og bilde. I år finn du arrangementa ganske konsentrert rundt månads-skiftet juli – august, og vi håper at folk vil stoppe i bygda for å få med seg fleire ting desse dagane. Slik forventar vi høgare temperatur og meir festivalstemning i tradisjonell forstand. Trass i ein liten nedgang i talet på program, er spennvidda stor; frå kritikarrost revyeteater via impro, blues, folkemusikk og feel-good, til utsøkt glaskunst. Her nemner vi spesielt fenomenet Hulbækmo & Jacobsen Familieorkester som er årets hovudgjester. Ryktet går om eit band i verdensklasse, og som klarer kunststykket å appellere til folk i alle aldersgrupper. Desse får du oppleve både i Rosekyrkja og på puben i Nilsgardstunet. Elles vil det også skje spennande saker i Løsetstova og Dyrkornfabrikken. Vi ser fram til eit rikholdig seinsommarbeite i fagre Stordal!

Kyrkjehola Kulturbeite

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Kyrkjehola Kulturbeite

Føremål med programmet

- KKB ønskjer å markere seg som ein tydeleg og offensiv kulturinstitusjon med kontinuitet og ein klar kunstnarleg identitet som kjennemerke.
- Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan musikk, litteratur, biletkunst, historie og folklore.
- KKB har som målsetting å stimulere til nyskaping i kryssingspunktet ord, bilete og musikk.
- KKB har eit ansvar for å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i Møreregionen, og særskilt støtte lokale kunstnarar i etableringsfasen.
- Lokalt ønskjer KKB å vere eit tilskot til det frivillige kulturlivet og medverke til ei synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Førehandsbestilling av billettar:

Sal av billettar ved inngangen. Vil du sikre deg billett på førehand, kan dette gjerast med e-post til billett@kyrkjehola.no eller ved å følgje lenkene som er lagt ut på www.kyrkjehola.no eller på Kyrkjehola Kulturbeite si facebook-side.

KYRKJEHOLA KULTURBEITE

STORDAL

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

PROGRAM SOMMAREN 2016

Bunnlinja

Marianne Meløy – kåseri / song Trygve Brøske – piano / diverse

NILSGARDSTUNET 24. JULI KL 1930



Denne nye kritikaroste produksjonen med skodespelar, songar, forfattar og komikar Marianne Meløy hadde premiere på Trøndelag Teater i april 2016. Saman med pianist og komponist Trygve Brøske undersøker ho omgrepet "bunnlinja" sine metaforiske kvalitetar - gjerne med atterklang frå sitt frodige oppvekstmiljø på Meløya i Nordland - eit verdssamfunn i

miniatyr..?! Gled deg til ramsalt bygdehumor på sitt beste, og ver ikkje trygg; kanskje vil du også kjenne deg att som sunnmøring og stordaling gjennom førestillinga.

I Meløy sitt univers kan bunnlinja like godt vere organisten som seier opp i protest mot presten sine drøymande preiker, som familiemora som pakkar sekken og reiser sin kos når ho oppdagar ein mink i toalettet. Marianne Meløy er både ein strålende tekstforfattar og ein formidlar av rang. Gled deg til å oppleve henne i samspel med sin faste kompanjong Trygve Brøske; ein av kongeriketets mest komplette musikantar. Brøske har gjesta Kulturbeite ved fleire høve tidlegare, sist saman med Bjarne Brøndbo.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Rom som faldar seg ut

Trondheim Voices og Asle Karstad (lyddesign)

DYRKORNFABRIKKEN 31. JULI KL 1930



Trondheim Voices er ei av Norges fremste vokalgrupper. Med ensemblestøtte frå Norsk Kulturråd har gruppa utmerka seg med ei rekkje banebrytande prosjekt i møtepunktet mellom song, teater, performance og teknologi. Gjennom

Rom som faldar seg ut inviterer dei publikum inn i ein konsertsituasjon du neppe har opplevd tidlegare. Og du kjem heller ikkje til å oppleve dette att. Vi snakkar om en gjennomimprovisert konsert der musikken blir til medan du er i rommet. Ingen - heller ikkje songarane sjølve - veit kva det vil

bli, eller kva det særmerkte rommet i Dyrkornfabrikken vil sette i gang av impulsar, idear og samspel mellom songarane og lydproduzenten Asle Karstad. Alt du høyrer og ser blir skapt i augneblinken. Som publikummar er du også friare enn på ein vanleg konsert. Her kan du kome og gå som du vil, legge deg ned på, sitje eller stå, spasere rundt i rommet, ta deg ein tur ut for ein kaffekopp, og kome tilbake. Gjer som du føler for, og ta inn opplevinga på din eigen måte. Barn, unge, vaksne, eldre... velkommen kvar og ein til ei annaleis oppleving.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Trondheim Voices samarbeider tett med lydkunstnaren Asle Karstad gjennom heile 2016. Samarbeidet har sålangt resultert både i ein Heddapris (for forestillinga "100 hemmeligheter" ved Trøndelag Teater / Riksteatret) og Artist Residency ved White Box kunstsenter i Munchen i juni.

Hulbækmo & Jacobsen familieorkester

ROSEKYRKJA 1. AUGUST KL 1900 FAMILIEKONSERT

NILSGARDSTUNET 1. AUGUST KL 2200 NACHSPIEL MED PUBKONSERT / JAM



Denne sesongen ynskjer vi å bygge eit musikalsk møtepunkt rundt familien Hulbækmo/Jacobsen frå Nord-Østerdalen. Mor Tone Hulbækmo og far Hans-Fredrik Jacobsen har vore institusjonar i norsk musikkliv gjennom ein mannsalder, og er kjende frå grupper som Kalenda Maya og Secret Garden, samt medverknad på eit halvt hundre innspelingar. Saman har dei turnert verda rundt, men heile tida med eit solid ankerfeste i lokal musikk frå Nord-Østerdal. No har også dei to sønene Alf og Hans slutta

seg til rekka; begge med bakgrunn frå jazzlinja ved NTNU, og allereie etterspurde på folkemusikk, jazz -og rockescenen både i Norge og internasjonalt. Kvar og ein kjem dei med sine bidrag frå jazz, impro, blues, folkemusikk og middelaldermusikk som blir lagt opp i gryta. Og ut kjem eit svært personleg heksebrygg der ein kan kjenne att element frå ulike sjangrar, men i ei heilt eiga tapning. Alle i familien er multi-instrumentalar, og på konsertane trakterer dei nærare 20 ulike instrument. Hulbækmo / Jacobsen familieorkester er allereie for ein institusjon å rekne, og trekkplaster på store festivalar. 1. august er dei i Stordal!

I Rosekyrkja blir publikum invitert med på ei reise gjennom vår traderte vokaltradisjon; frå bårsullar, kjærleiksviser, balladar, religiøse folketonar og salmar til eigenkomponert materiale; men i eit høgst personleg og familiært uttrykk som det går gjetord om. Her snakkar vi om familiekonsert i dobbel forstand; både på scena, og forhåpentlegvis med kyrkjebenkane fulle av familiefolk i alle aldrar.

For den som ikkje har fått nok i Rosekyrkja inviterer vi til Nachspiel i Nilsgardstunet. Her inviterer Hulbækmo / Jacobsen familieorkester lokale musikantar og spellesugne frå fjern og nær til samspel og jam på låvegolvet til langt ut i dei små timar. Mikrofonen er open. Her kan alt skje.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

